



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

22666/2012

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 28.3.2012	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy		Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:
Anders Høe, Hjelp24
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	Veke 21

Det var ingen merknader til møteinnkallinga. Sak 6/2012 vart behandla først.

Saksliste

1/2012	<p>Val av leiar og nestleiar i SAMUT for 2012</p> <p>Funksjonstida for medlemmene i SAMUT er to år. Hovudverneombodet (sektorverneombodet) skal vere ein av dei faste arbeidstakarrepresentantane i utvalet. Leiar for SAMUT blir valt vekselvis frå arbeidsgivarsida og arbeidstakarsida for eitt år om gongen. I 2011 hadde arbeidsgivarsida leiarfunksjonen i utvalet.</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <p>Som leiar for SAMUT i 2011 blir valt Hege Myklebust Vartdal. Laila Aas Dyrøy blir for same tidsrom valt til nestleiar for utvalet.</p>
--------	---

2/2011	<p>HMS-årsrapportering 2011</p> <p>Morten Larsen orienterte om hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta med utgangspunkt i utkastet til HMS-årsrapport for sektoren. HMS-årsrapporten skal bidra til å kartlegge standard i høve til fastsette HMS-krav og analysere avvik som grunnlag for å prioritere tiltak. Årsrapporten dekker samtidig AMLs krav til årsrapport for arbeidsmiljøutvalet.</p> <p>Rapporten speglar resultatata av arbeidsmiljøkartlegging som er gjennomført i 2011. Distrikta jobbar målretta og grundig med kartlegging gjennom vernerundar og risikovurderingar. Det er framleis eit forbetningspotensiale på ein fast årssyklus på distriktsnivå for hovudaktivitetane i HMS-systemet. Når det gjeld det fysiske arbeidsmiljøet er utfordringane særleg knytt til mangelfull universell utforming, statiske belastningar/mangelfull ergonomisk tilpassing av arbeidsplassane og dårleg inneklima/støykjelder knytt til mangelfull/dårleg fungerande ventilasjon. Rapporterte personskader (i hovudsak stikkskader) ligg på nivå med tidlegare årsrapportar. Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet dokumenterer god medarbeidartilfredsheit, positive utfordringar, høg grad av meistring, stor rolleklarheit og få teikn på negativt stress og utmatting.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar HMS-årsrapport 2011 for tannhelsesektoren til vitande.</p>
3/2011	<p>Sjukefråversutvikling</p> <p>Morten Larsen orienterte om analysen av sjukefråversdata for perioden 2007-2011 med utgangspunkt i variablane stillingskode, kjønn og alder. Fråversdata er også brote ned på distrikts- og klinikknivå. Hovudtendensen er eit aukande langtidsfråver. Tannpleiarane har høgast fråver av profesjonane, mens tannlegane har hatt den største auken dei siste par åra. Det er markante distriktsvise variasjonar i sjukefråversutviklinga. Talmaterialet viser ingen eintydig samanheng mellom sjukefråver og klinikkstorleik. Derimot er det ein klar samvariasjon mellom ustabil bemanning/høg turnover og høgt sjukefråver. Samla er det ein auke i fråveret frå 8,3 % i 2010 til 9,1 % i 2011.</p> <p>Oppfølging av mål- og handlingsplanen for IA-arbeidet, vedtatt av SAMU-T i sak 13/2011, blir viktig for å redusere fråveret.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga til vitande.</p>
4/2011	<p>Kompetanseutvikling i tannhelsesektoren – utkast til mål og retningslinjer</p> <p>Eit diskusjonsgrunnlag i form av innhaldselement i eit "kompetansereglement" med mål og retningslinjer for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta vart utdelt og gjennomgått i møtet.</p> <p>Fylkestannlegen la i gjennomgangen vekt på at dagens ordning ("70 %-regelen") har stått uendra i mange år. Størstedelen av kompetansesemidlane er knytt til tilsette sin deltaking på TSE og NTF-landsmøtet. Mange tilsette deltek på ulike kurs, konferansar og andre kompetansetiltak, men vi manglar eit system for å kvalitetssikre at denne kunnskapen blir overført internt. Det er også for lite fokus på kompetansestyring. Kompetanseutvikling må bli eit prioritert tema i kommunikasjonen mellom leiar og medarbeidar gjennom årlege medarbeidar-/ utviklingssamtalen. Medarbeidarane sine ønskje, leiaren/verksemda sine identifiserte kompetansebehov og det som medarbeidaren og leiaren blir samde om gjennom samtalen, bør vere premissgivande for deltaking på og finansiering av kompetansetiltak.</p>

	<p>Utvalet er nøgd med strukturen i diskusjonsgrunnlaget, og har ikkje vesentlege innvendingar til del 1 (overordna føringar), men ser behov for fleire presiseringar og enkelte tillegg i del 2, som gjeld retningslinjer og vilkår for individuelle kompetansetiltak. Eit revidert utkast vil bli lagt fram for endeleg vedtak på neste SAMU-T-møte.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar til orientering utkast til "mål og retningslinjer for kompetanseutvikling i tannhelsesektoren" og ber om at eit revidert utkast, basert på innspel gitt i møtet, blir lagt fram på neste møte i SAMU-T.</p>
5/2011	<p>Regional delplan tannhelse – vedtatt planprogram Fylkesutvalet vedtok i møte 26.3.2012, sak U-27/12, planprogrammet for Regional delplan tannhelse. Planprogrammet klargjer premissane for planarbeidet og beskriv opplegg for organisering, medverknad og framdrift i planarbeidet. Regional delplan Tannhelse skal gjere greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og strategiske vegval for den offentlege tannhelsetenesta i fylket, og skal sluttbehandlast i fylkestinget i juni 2013.</p> <p>Som ledd i planprosessen har fylkestannlegen i januar og februar gjennomført distriktsmøte i alle 5 tannhelsedistrikt, der alle tilsette har blitt informert og fått høve til å gje innspel. Det er i høyringsperioden ikkje registrert innspel til del 5 i planprogrammet, som beskriv organiseringa av planarbeidet. Fylkestannlegen ønskjer likevel at alle dei tre arbeidstakarorganisasjonane for fagprofesjonane i tannhelsetenesta (tannlegar, tannpleiarar og tannhelsesekretærar) skal vere representerte i prosjektgruppa. Det er også lagt opp til at plan- og analyseavdelinga skal delta i prosjektgruppa.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om vedtatt planprogram for Regional delplan tannhelse til vitande.</p>
6/2011	<p>Den økonomiske situasjonen i tannhelsesektoren Anthony Valen orienterte. Som følgje av ein forbetra rekrutteringssituasjon og auka lønnsutgifter viser årsrekneskapan for 2011 eit meirforbruk på 3,4 mill. kroner. Det følgjer av rammebudsjetteringsprinsippet at underskotet må dekkast inn med ca. kr. 900.000 kvart år i den neste 4-årsperioden. Dette kjem i tillegg til verknaden av eit meirforbruk i 2009, slik at vi i realiteten får redusert rammene med omlag 2 mill. kr. dei neste 2 åra.</p> <p>Tidlegare år har ein vanskeleg rekrutteringssituasjon og vakansar gjort at tannhelsetenesta sitt budsjett har gått i balanse. Sommaren 2011 snudde situasjonen og vi har no mange søkjarar til ledige stillingar.</p> <p>For å halde budsjetttrammene må vi no halde stillingar vakante etter ein plan. Det vil med det første bli gjort tilsettingar av tannlegar i Sykkylven, Vestnes, Elnesvågen og Eide (på noko lenger sikt). Andre ledige tannlegestillingar må i utgangspunktet haldast vakante. Dersom halvårsevalueringa gir ein negativ prognose for resten av 2012, vil dette måtte føre til tilsettingsstopp. Situasjonen er krevjande, og det må takast høgde for tiltak i samband med Regional delplan tannhelse.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tek orienteringa om den økonomiske situasjonen til vitande.</p>